



# HORDALAND TINGRETT

NORGES DOMSTOLER

*Hordaland tingrett har 40 dømmende årsverk medrekna domstolleiar, og ei samla bemanning på om lag 86 årsverk. Hordaland tingrett har to fast bemanna rettsstadar, rettsstad Bergen i Bergen tinghus og rettsstad Lofthus med rettslokale i Odda, Lofthus og Norheimsund.*

*Rettsstad Lofthus omfattar kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik.*

*Rettsstad Bergen omfattar kommunane Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Vaksdal, Øygarden og Voss herad.*

*Hordaland tingrett er den nest største tingretten i Noreg.*

*Dei dømmende oppgåvene til domstolen er i hovudsak å avgjera straffesaker og å løysa sivile tvistar.*

## **Ledig bustyrar i konkurs ved Hordaland tingrett**

Hordaland tingrett har behov for å knyta til seg advokatar som kan ta på seg oppdrag som bustyrar i konkurs. Oppdraga blir honorerte etter dei til ei kvar tid gjeldande satsar fastsett av Hordaland tingrett. Det blir vist til vedlagde retningslinjer for bustyrarar ved Hordaland tingrett, der også forventningane tingretten har til bustyrarar er beskrivne.

I tillegg til faglege kvalifikasjonar vert ved utveljinga mellom anna lagt vekt på at søkjaren:

- har erfaring frå konkursbubehandling, anten som bustyrar eller som fullmektig for bustyrarar,
- driv advokatverksemd i firma eller kontorfellesskap og har støttefunksjonar ved kontoret som er nødvendig for å utføra bubehandlinga på ein rask og kostnadseffektiv måte,
- har kapasitet til å gi oppdrag frå retten den nødvendige prioriteten,
- har kontorstad i rettskrinsen.

Det vil bli oppretta ei felles bustyraliste for Hordaland tingrett, som vil bestå av to delar sorterte på rettsstad (Bergen/Lofthus). Dette betyr at bustyraloppdraget primært skal tildelast ein bustyrar med kontorstad i geografisk nærleik til rettsstaden der saka høyrer heime, men at andre omsyn enn geografi kan tilseia at det blir valt ein bustyrar med kontor nærare ein annan rettsstad. Ved ei eventuell framtidig avgjerd om endring/deling av rettskrinsen, kan det påreknast at kvar enkelt bustyrar framleis vil stå på bustyralista til domstolen i den rettskrinsen der bustyrar har hovudkontoret sitt.

Utnemning av bustyrar skjer etter ei konkret vurdering i det enkelte tilfellet. Retten er ikkje bunden av bustyralista eller av tidlegare utnemningar. Ingen bustyrar vil ha krav på å få tildelt ein bestemd del av konkursbua ved Hordaland tingrett.

Hordaland tingrett vil ved behov kunna revidera bustyralista, men tek ikkje sikte på å gjera ny utlysing før i 2028.

Spørsmål kan rettast til Hordaland tingrett ved tingrettsdommar Morten Dømbe Haldorsen telefon 55 69 99 10 eller Anne Sofie Lutro telefon 53 67 00 84.

Dei som er interesserte kan sende ein kortfatta søknad CV med vitnemål og attestar til [hordaland.tingrett.konkurs@domstol.no](mailto:hordaland.tingrett.konkurs@domstol.no).

Frist: 04.12.2023.